




Frida Berge gjekk til topps. (Foto: Grenda)

Uskedaling og nettredaktør Ola Matti Mathisen vart andremann i avstemminga til Grenda om Årets namn i Kvinnherad.

Frida Berge, den 16 år gamle løperjenta frå Ølve, vann ein relativt klar siger medan fotballentusiast Arvid Nes frå Rosendal vart tredjemann.



Ola Matti Mathisen vart andremann. (Foto: Grenda)

Det er fyrste gongen lokalavisa har kåra Årets namn. Avisa skriv at responsen frå lesarane var fantastisk. Det var i alt 10 nominerte kandidatar.

Vinnaren fekk eit litografi og eit krus. Om grunnen til at ho gjekk til topps seier ho at det kanskje hadde noko å gjera med at det er mange idrettsinteresserte kvinnheringar.

Sesongens høgdepunkt var fjerdeplassen i senior-NM på 1.500 meter.